



Statens vegvesen



Innkrevjing av bompengar til Bymiljøpakken

I tråd med føringane frå Prop. 47 S (2016–2017) vert det start av innkrevjing av bompengar på Nord-Jæren til finansiering av Bymiljøpakken frå 01.10.2018.

	Utanfor rushperiodane	Innanfor rushperiodane ¹⁾
Takstgruppe 1	22 kr	44 kr
Takstgruppe 2	55 kr	110 kr

¹⁾ Kvardagar kl. 07.00–09.00 og 15.00–17.00

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Køyretøykategori M1 inkluderer bilar for persontransport med maksimalt åtte sitjeplassar i tillegg til førarsetet. Dei fleste bubilar, campingbilar og enkelte andre større personbilar er inkludert i denne køyretøygruppa. Ordninga gjeld alle bompengeanlegg, med unntak av bompengar på ferjer.

For at bilar over 3500 kg i gruppe M1 skal få same takst som bilar under 3500 kg, er det krav om elektronisk brikke med gyldig avtale.

Endring av rabattsystem

Gjennom handsaming av Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015–2016) har Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag om å innføre eit nytt standardisert takst- og rabattsystem for bompengeprojekt. Målet med omlegginga til nytt system er å effektivisere og å gjere bompengennkrevjinga enklare.

Innføring av nytt takst- og rabattsystem fører til følgjande endringar frå 01.10.18:

- Køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig avtale får automatisk 20 % rabatt. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.
- Alle kundar som har hovudavtale og brikke frå Bomringen på Nord-Jæren vert automatisk gjort om til etterskotsavtalar med 20 % rabatt. Lokale forskotsavtalar med rabatt vert ikkje lengre tilbydd.
- Noverande tilleggsavtalar hos Bomringen på Nord-Jæren for å oppnå lokal rabatt vert avvikla.

AutoPASS-avtalen med det selskap brikka er levert frå, hovudavtala, vert ikkje endra. Alle passeringar i bompengeringen, med brikke, vil frå 1. oktober bli trekt frå hovudavtala.

Desse får fritak ifølgje gjeldande takstretningslinjer:

- Passasjerar i alle typar køyretøy
- Gåande og syklande
- Motorsyklar og mopedar
- Køyretøy i merka gravferdsfølgje
- Køyretøy med elektrisk motor, og som har drivstoffkode 5 i vognkortet*
- Hydrogenbilar med HY-registreringsskilt*
- Kollektivtransport i konsesjonert rute*
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag*
- Rørslehemma med gyldig parkeringsløyve*

*Fritaksordningar merka med * føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.*

Dei lokale ordningane for individuelle fritak for køyring til barnehage og til kommunesenter vert avvikla. Ordninga med fritak for landbruksmaskinar og traktor vert òg avvikla.

Det vert månadstak på 75 betalte passeringar per kalendermånad og timeregel for alle med elektronisk brikke og gyldig avtale. Timeregelen skal òg omfatte bomstasjonen ved Hundvåg tunnelen som er ein del av prosjektet rv. 13 Ryfastsambandet.

For meir informasjon: www.ferde.no og www.bymiljøpakken.no

Takstvedtaket kan påklagast til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunngjerding. Klage sendast Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo.



Bymiljøpakken

